

## Ordensreglar for svømmehallen ved Batnfjord samfunnshus

1. Ordensreglane gjeld for skulelevar, ved folkebadning og ved utleige av svømmehallen.
2. Personar som har smittsam hudsjukdom, eller anna liknande, har ikkje tilgang til badet. Personar som har opne sår, som for eksempel større skrubbsår, eller vaksinasjonssår, eller har bandasje som ikkje er vasskikkert, har heller ikkje tilgang til bassenget.
3. Badetidene er normalt ein time pr. person tilnytta folkebadet, men dette kan regulerast av badevaktene ved behov.
4. Det er ikkje lov å bruke fottøy i gangane opp til bassenget. Utesko skal ikkje nyttast i svømmehallen.
5. Alle som brukar bassenget skal ta ein grundig kroppsvask på førehand.
6. Bruk av tyggegummi og andre næringsmiddel er ikkje lov i bassenget.
7. Badetøy skal være så tett-sittande som råd. Dette for å unngå å ta med seg vatn tilbake til garderobane.
8. Maske og anna utstyr må godkjennast av badevakta før bruk i bassenget.
9. All ferdsel i dusjrom, trapper og svømmehall må skje stor varsemnd.
10. Stuping kan berre skje når badevakta har gjeve klarsignal til det. Stuping frå langsiden er ikkje lov.
11. Det er ikkje lov å springe, eller skubbe andre langs bassengkanten.
12. Unødig uro, herjing, dårleg oppførsel og kjefbruk er ikkje tillatt.
13. Badevakta kan ved brot på reglane, eller dersom det på annan måte blir vist farleg adferd, utvise personar innafør eit kortare eller lengre tidsrom. Det bør i slike tilfelle alltid gjevast ein advarsel først.
14. Barn under 10 år, må ha tilsyn av foreldre/vaksne i bassenget. Dersom barna ikkje er svømmedyktige, må den vaksne være i bassenget saman med barna.
15. Barn under skulepliktig alder går gratis saman med ein vaksen.


### Sikkerheit

1. Ved all organisert badning skal de alltid være minst to badevakter, eller personar med godkjent redningskurs i svømmehallen.
2. Det skal aldri være meir enn 35 personar i bassenget på ein gong.



## **Instruks for badevakt/aktivitetsleiar for svømmehallen ved Batnfjord samfunnshus**

- 1.** Badevakta er ansvarleg for tilsyn og sikkerheita i svømmehallen.
- 2.** Badevakta skal ha gjennomgått grunnleggjande opplæring i førstehjelp og livredning. Denne skal være av nyar dato.
- 3.** Ved skade under opphald i bassenget, må badevakta sørge for at den skadde får den hjelp som trengs, og eventuelt tilkalle lege/slå alarm (Sjå alarmplan)
- 4.** Badevakta skal alltid være ved bassenget.
- 5.** Badevakta skal være imøtekomande og sørge for trivsel i svømmehallen.
- 6.** Badevakta skal sjå til at ordensreglane for svømmehallen blir følgd.
- 7.** Badevakta skal være utstyrt med lette klar og fottøy.
- 8.** Badevakta skal sørge for ro og orden også i garderobe, dusj og på toalett.
- 9.** Badevakta skal sørge for at det er ryddig i bassenget og garderobane ved stenging.
- 10.** Badevakta sin nærmaste overordna er kulturleiar. Uhell skal rapporterast dit. Feil og manglar ved teknisk utstyr og bygning skal meldast til vaktmeister.



## Alarmplan for Svømmehallen

- Den som oppdagar ulykka skal også leie redningsaksjonen og må med ein gong slå alarm slik at redningsaksjonen straks kan koma i gong.
- Få vedkomande raskt opp av vatnet. Er det mistanke om nakke/ryggskader, må ilandføringa skje ekstra forsiktig.
- Dei andre som oppheld seg i bassenget må roleg takast ut av vatnet og førast til dusjen.
- Har den forulykka slutta å puste, må ein straks sett i gang med hjerte-lungeredning (H-L-R). Samtidig må ein annan ringe **113** (ved bruk av fasttelefon, slå **0** først)
- Sei i frå kven du er, kva som har skjedd og kor du ringer frå. Viktig å oppgje nøyaktig adresse.
- Hald på med HLR til lege/ambulansepersonell kan overta, eller at vedkomande har livna til.
- Ansvarleg badevakt skriv rapport om ulykka så snart dette er råd.